

MØTEBOK ÅRSMØTE 2019

Årsmøtet vart halde den 20.03.2019 på Stranda Hotel i Stranda kommune. Innkallinga vart sendt ut den 05.03.2019.

Før møtet var det tur til det statleg sikra friluftsområdet Helsemvika sør for Stranda sentrum. Der sørge styremedlem Jostein Dalen for fyr i bålpannene og servering av bålcaffi og sjokolade. Ny velforeining for området er under etablering, og fire av dei engasjerte der orienterte saman med Dalen om arbeidet som alt er gjort i området, og planane vidare. Mellom anna har friluftsrådet søkt midlar til grindbygg i 2019.

Tilbake på hotellet, ønska ordførar Jan Ove Tryggestad velkomen, og orienterte om Stranda kommune før sjølve årsmøtet starta.

Desse møtte på årsmøtet:

Giske kommune:	Birger Honningsvåg	Styremedlem
Haram Kommune:	Vebjørn Krogsæter Norvald Lausund Joakim Skaar	Styreleiar Utsending Utsending
Norddal kommune:	Solveig Linge Stakkestad	Styremedlem
Skodje kommune:	Modolf Hareide Dag Olav Tennfjord Karoline Huldal Hauglid	Styremedlem Utsending Utsending (vara)
Stordal kommune:	Eva Hove Jonas Falch	Styremedlem Utsending
Sula kommune:	Trygve Holm	Styremedlem
Vestnes kommune:	Skafti Ingi Helgason Hallvard Tennøy	Styremedlem Utsending
Ørskog kommune:	Janet Roelofs Knut Helge Harstad	Styremedlem Utsending
Ålesund kommune:	Jarle Hauge Steffenssen	Styremedlem
Stranda kommune:	Jostein Dalen Tone Lillebø Gro Anita Sve	Styremedlem Utsending Utsending
Ulstein kommune:	Kristine Dale Arild Støylen	Utsending Utsending
Volda kommune:	Annlaug Stokke	Utsending
Ørsta kommune:	Karen Høydal Per Ivar Lied Ingvild Endal Stein Aam	Styremedlem Utsending/valnemnd Utsending Observatør

Andre frammøtte:	May Britt Haukås Anne Nygård	Dagleg leiar Sunnmøre friluftsråd Oppdragsansvarleg revisor, Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS
------------------	---------------------------------	--

Årsmøtet vart sett med 25 røysteføre delegatar.

Sak 1: Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet godkjenner innkallinga og sakslista for årsmøtet 2019

Sak 2: Val av ordstyrar og sekretær, og to til å skrive under møteboka

Årsmøtet foreslo Trygve Holm og Dag Olav Tennfjord til å skrive under møteboka, dagleg leiar som sekretær, og styreleiar som ordstyrar.

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet vel styreleiar Vebjørn Krogsæter som ordstyrar og dagleg leiar May Britt Haukås som sekretær, og Trygve Holm og Dag Olav Tennfjord til å skrive under møteboka.

Sak 3: Handsaming av årsmeldinga frå styret for 2018

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet godkjenner årsmeldinga til Sunnmøre friluftsråd for 2018.

Sak 4: Rekneskap for 2018

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2018.

Sak 5: Budsjett

Samrøystes vedtak:

- 1. Årsmøtet godkjenner budsjettet for 2019.***
- 2. Årsmøtet gir styret fullmakt til å gjere nødvendige endringar etter kvart som inntektssida blir avklart.***

Sak 6: Arbeidsplan 2019

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet godkjenner arbeidsplanen for 2019.

Sak 7: Medlemskontingenten for 2020

Samrøystes vedtak:

Medlemskontingenten for 2020 vert sett til kr. 19,09 per innbyggjar.

Sak 8: Organisering og arbeidsform til styret i Sunnmøre friluftsråd frå 1.1.2020

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet vedtek å kalle inn til ekstraordinært årsmøte i løpet av hausten 2019 for å vedta ny organisering og arbeidsform for styret i Sunnmøre friluftsråd.

Sak 9: Val

Kommunane som skulle gjere det, hadde valt sine medlemmar før årsmøtet. Alle på val tok attval for ein ny 2-års periode.

Styret for perioden frå etter årsmøtet 2019 til og med årsmøtet 2020 er:

2018-2020:

Kommune	Namn	Verv
Norddal	Solveig Linge Stakkestad (attval 2018) Ole Henrik Uri (attval 2018)	Styremedlem Vara
Ørskog	Janet Roelofs (attval 2018) Knut Helge Harstad (attval 2018)	Styremedlem Vara
Giske	Birger Honningsvåg (attval 2018) Marit G. Alnes (ny 2018)	Styremedlem Vara
Skodje	Modolf Hareide (attval 2018) Geir Ove Leite (attval 2018)	Styremedlem Vara
Stordal	Eva Hove (ny 2018) Frode Færøy (attval 2018)	Styremedlem Vara
Volda	Tollak Mikal Kaldheim (ny 2018) Annlaug Sunde Stokke (ny 2018)	Styremedlem Vara
Ørsta	Karen Høydal (ny 2018) Stein Aam (ny 2018)	Styremedlem Vara
Ulstein	Knut Erik Engh (ny 2018) Steinar Torvik (ny 2018)	Styremedlem Vara

2019-2021:

Kommune	Namn	Verv
Sula	Trygve Holm (attval 2019) Stine M. Lerheim (attval 2019)	Styremedlem Varamedlem til styret
Ålesund	Jarle Hauge Steffenssen (attval 2019) Nora Gunn Morken Farstad (ny 2019)	Styremedlem Varamedlem til styret
Haram	Vebjørn Krogsæter (attval 2019) Ewa Hilde (attval 2019)	Styreleiar Varamedlem til styret
Vestnes	Skafti Ingi Helgason (attval 2019) Inge Bergum (attval 2019)	Styremedlem Varamedlem til styret
Stranda	Jostein Dalen (attval 2019) Gro Anita Sve (ny 2019)	Styremedlem Varamedlem til styret

Per Ivar Lied la fram innstillinga frå valnemnda på val av leiar, nestleiar og revisor fram til og med årsmøtet 2020. I framlegget var Eva Hove innstilt som nestleiar, men ho trekte seg då det kom fram at Janet Roelofs ønska å halde fram i vervet.

Samrøystes vedtak:

Styreleiar (2019-2020): Vebjørn Krogsæter (attval)

Nestleiar (2019-2020): Janet Roelofs (attval)

Revisor (2019- 2020): Kommunerevisjonsdistrikt nr.3 i Møre og Romsdal IKS

Sak 10: Valnemnd

Ny valnemnd skal formelt innstillast av styret. For å sikre kontinuitet, vedtok årsmøtet 2018 at det skal leggest opp til ein praksis med 3-årig løp. Sittande valnemnd la til rette for årsmøtet ved å legge fram ei innstilling i samsvar med dette, der kandidatane hadde sagt seg villige. Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

Samrøystes vedtak:

Leiar: Per Ivar Lied (2 år, på val årsmøtet 2021)

Medlem: Aud Sissel Suoranta (1 år, på val årsmøtet 2020)

Medlem: Mariann Barstad (3 år, på val årsmøtet til 2022)

Vara: Tore Johan Øvstebø (1 år, på val årsmøtet 2020)


May Britt Haukås
Dagleg leiar



Sunnmøre friluftsråd

Møteboka frå årsmøtet 2019 vert godkjent:

Dato/stad 26/2 Langøy Dato/stad 25/3 - 19, Stodje


Trygve Holm


Dag Olav Tehnfjord